

Preike 17. mai 2021 i Arna kyrkje

Evangelium: Matt 22,17-22

Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Farisearane sende læresveinane sine til Jesus, og dei sa: «Sei oss kva du meiner: Er det rett å svara skatt til keisaren, eller er det ikkje?» Men Jesus merka vondskapen og sa: «De hyklarar, kvifor set de meg på prøve? Vis meg mynten som skatten skal betalast med!» Dei gav han ein denar. «Kven har biletet og namnet sitt her?» spurde han. «Keisaren», svara dei. Då sa han til dei: «Så gjev då keisaren det som høyrer keisaren til, og Gud det som høyrer Gud til.» Då dei høyrde det, undra dei seg, og dei lét han vera og gjekk sin veg.

Slik lyder det heilage evangeliet.

Spørsmålet Jesus fekk her; om det var rett å betala skatt til keisaren, var eit lurespørsmål, eller til og med forsøk på å lokka Jesus i ei felle. Evangelia skildrar korleis Jesus sine motstandarar fleire gonger aktivt gjekk inn for å testa han eller provosera fram ein uttale som ville gje grunnlag for å ta han.

Jesus sin respons er ofte overraskande og annleis enn dei venta. «Gjev keisaren det som høyrer keisaren til, og Gud det som høyrer Gud til».

Tenk om det hadde vore opplagt, kva det er som høyrer «keisaren» til, forstått som det generelle eller verdslege, og kva som høyrer Gud til! Mange konflikhtar, og til og med krigar, har oppstått fordi ein ser ulikt på nettopp dette.

Martin Luther var opptatt av dette, og snakka i sin teologi om dei to regimenta; at det er to ulike måtar Gud utøver si makt i verda: Det åndelege regiment er retta mot mennesket si sjel og blir utøvd gjennom ordet og forkynninga. Den som lova som gjeld her, er kjærligheten og Guds rettferd. Det verdslege regiment er retta mot mennesket sin kropp, og blir utøvd gjennom makt og våpen og blir regulert gjennom borgarleg rettferd og fornufta.*

Samfunnet må styrast gjennom det verdslege regimentet, seier Luther. Derfor er det ikkje i strid med Guds vilje at den politiske leiinga bruker makt for å oppretthalda styret av samfunnet, og det er fullt tillate for kristne å ta del i dette styret. For også det verdslege regimentet blir utøvd på vegne av Gud.

Både Bibelen og Luther har seinare vorte tolka på forskjellige måtar i ulike teologiske og politiske tradisjonar, blant anna under andre verdskrigen. Både

tilhengjarar og motstandarar av nazismen brukte Luther sin teori som støtte for synet sitt. Tilhengjarane argumenterte med at ein skulle lyda keisaren eller statsleiaren så vel som Gud. Og motstandarane, som biskop Eivind Berggrav her i Norge, la vekt på at inga statsmakt som ikkje er forankra i ein rettsstat, har krav på lydighet. Det gjorde opprør og ulydighet mot staten og den dåverande kyrkjeleiinga mulig, samtidig som ein var forplikta overfor Gud.

Kor går grensa mellom kyrkje og stat, trusliv og samfunnsliv? Denne teksten, og enkelte andre i Det nye testamentet er opp gjennom historia, tatt til inntekt for ulike syn på dette forholdet. Når er det rett å vera lojal overfor statlege myndigheiter og lover? Og når er det rett å kjempa imot?

Me tenkjer ulikt om kor desse grensene går; og me vurderer ikkje alltid likt kva som er mest «sentralt» i kristen tru eller etikk. Nåken gongar blir det spetakkel når prestar eller biskopar engasjerer seg i saker; anten det er oljeboring, vindkraft, asylsaker eller bioteknologi. Høyrer saka Gud eller keisaren til, om menneskeliv står i fare eller skaparverket er trua?

Verken 17. mai-feiring eller kristen einskap handlar om å vera like eller einige i alt. Tvert imot; me kan oppleva veldig godt fellesskap til tross for stor uenighet og stort mangfald. I eit fleirkulturelt og fleirreligiøst Norge anno 2021 har me andre samfunnsutfordringar enn på Jesu si tid eller Martin Luther si tid – eller under andre verdskrigen. Men noko er allment, og noko står fast.

Som kristne trur me at Gud står bak alt liv. Han har skapt oss og gitt oss alle gode gåver, og han skapar framleis. Han har gitt kvart einaste menneske uendeleg stor verdi. Alt me har fått, er frå han – direkte eller indirekte.

Dagens tekst frå det gamle testamentet, som me ikkje har lese i dag, handlar om at alt det gode, alle flotte gåver som er gitt til bygginga av tempelet, eigentleg kjem frå Gud. «Alt kjem frå deg. Det me gir, kjem frå di hand». Her kling orda frå vår takkebøn i gudstenesta med; «Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.»

Brevteksten Kristin leste er knytt til retningslinjer for gudstenesta; at ein skal be for kongar og andre leiarar. Me er ikkje til for vår eiga skuld, men for Gud, «han som vil at alle menneske skal bli frelst og læra sanninga å kjenna».

17. mai er ein takkedag og ein minnedag. Me har mykje å takka for, også dette siste året som mange har opplevd krevjande, med mange tiltak som me synest er inngripande i den fridomen me har blitt så vane med å ha.

Men det ligg også eit stort ansvar på oss, med alt det gode me har fått av ressursar og muligheter, me som bur i dette landet. Derfor kan me som kristne ikkje nøya oss med å takka for alt me har fått – eller skyva utfordringar over på andre. Me skal også elska vår neste som oss sjølve, både dei som treng oss her, lokalt, og dei som treng oss langt unna.

Takk og utfordring kan gå hand i hand, også på ein dag som denne. Eg vil avslutta preika med dagens bøn:

Nådige Gud,
takk for landet vi bur i, for grunnlova vår og fridomen.
Vi bed deg:
Lat namnet ditt vera heilagt blant oss.
Vak over landet vårt,
vern oss mot hovmod og lær oss å vera gjestfrie.
Gje alle folk og nasjonar på jord eit verdig liv
i fridom og fred,
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve. Amen.

**definisjon frå Store norske leksikon*